




KI-notat nr.: 95/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Geitåni Kraft AS/Geitåni kraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/Voss	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Vegard Hotvedt Strømsvåg	Sign.: 
Dato:	16 DES 2009	
Vår ref.:	NVE 200700001-30	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Geitåni kraftverk i Voss kommune, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene.....	14
Tilleggsopplysninger	21
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	21
NVEs vurdering	28
NVEs konklusjon.....	34
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven	34

Sammendrag

Geitåni Kraft AS (SUS) søker om tillatelse til å bygge Geitåni kraftverk i Geitåni i Voss kommune i Hordaland fylke. Planene innebærer å utnytte et fall på 285 m mellom inntak på kote 297 og kraftstasjon ved Evangervatnet på kote 12, alternativt med kraftstasjon på kote 28 som vil gi et fall på 269 m. Det søkes også om å få overføre nabovassdraget Ørevikelvi til Geitåni.

Kraftverket vil utnytte et nedbørfelt på totalt 13,1 km², fordelt på 10,6 km² ved inntak i Geitåni, 1,6 km² ved inntak i Ørevikelvi og 0,9 km² ved inntak i Storemyra. Middelvannføringen i Geitåni er beregnet til 1130 l/s, alminnelig lavvannføring er beregnet til 69 l/s og 5-persentiler for sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 132 l/s og 52 l/s. Middelvannføringen i Ørevikelvi er beregnet til 170 l/s, alminnelig lavvannføring er beregnet til 8 l/s og 5-persentiler for sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 14 l/s og 6 l/s. Det planlegges slipp av minstevannføring i Geitåni på 140 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året. Kraftverket er planlagt med en installert effekt på inntil 5,9 MW og vil få midlere årsproduksjon på inntil 19 GWh avhengig av utbyggingsalternativ, slukeevne og størrelse på minstevannføringsslipp.

Voss kommune, Hordaland fylkeskommune og Horvei vassverk mener at tiltaket kan gjennomføres under gitte forutsetninger. Fylkesmannen i Hordaland, Voss Naturvernlag, Bergen Turlag og Vassvøri Sogelag går imot utbyggingen.

Hovedargumentene mot utbyggingen av Geitåni kraftverk er i hovedsak knyttet til negative virkninger for landskap, påvirkning på kulturminner, kombinasjonen av kultur- og naturopplevelse og biologisk mangfold.

Hovmannafossen er synlig fra E-16, Bergensbanen og postveien. En utnyttelse av Geitåni vil medføre varige negative konsekvenser for landskapet ettersom Hovmannafossen vil få sterkt redusert vannføring. Det er bred enighet i høringsuttalelsene om at en eventuell utbygging må ivareta fossens landskapsverdi. Hovmannafossen har etter NVEs syn landskapsmessige kvaliteter av en viss verdi. En utbygging må etter NVEs syn være forenlig med å opprettholde noe av dens landskapsverdi også på grunn av at fossen i seg selv er et kulturminne som er automatisk fredet i kraft av tilknytning til et sagn.

Den verdifulle naturtypen fossesprøtsone, vurdert til viktig (verdi B), er påvist ved Hovmannafossen. Naturtypen er avhengig av at det dannes en sone med stabil fossesprøyt, og etter NVEs syn kan fossesprøtsonen bli redusert eller falle bort ved omsøkte utbygging dersom dette ikke tas tilstrekkelig hensyn til.

Voss kommune uttaler at adkomstveien til kraftstasjonen må trekkes lengre vekk fra elva og at kraftstasjonen må trekkes så langt som mulig opp fra Evangervatnet, i forhold til det som er planlagt i søknaden, for å få en bedre landskapsmessig tilpasning. I tilleggsutredning foreslår søker å flytte kraftstasjonen til et lite dalsøkk på kote 28, samt en alternativ adkomstrasé som ikke vil komme i nærheten av elva. Etter NVEs syn vil de foreslalte endringene gi mindre visuelle inngrep og være et bedre alternativ enn det som er beskrevet i søknaden.

Flere av høringspartene har påpekt de negative effektene overføringen av Ørevikelvi vil ha. Voss kommune er positive til en utbygging under forutsetning av at Ørevikelvi ikke blir overført, og Hordaland fylkeskommune forutsetter at det slippes minstevannføring i Ørevikelvi ved en eventuell overføring. Den omsøkte overføringen av Ørevikelvi vil medføre sterkt redusert vannføring på en 2,5 km lang elvestrekning. Etter NVEs syn vil overføringen av Ørevikelvi være uheldig for landskapsopplevelsen ved ferdsel på postveien langs Ørevikelvi. I tillegg kan den omsøkte overføringen også være uheldig for biologisk mangfold i og langs den berørte elvestrekningen. Ut over dette vil overføringen medføre en rørtrasé på totalt 1180 m, samt inngrep i Storemyra.

NVE legger vekt på at tiltaket vil gi positive virkninger gjennom økt kraftproduksjon og lokal verdiskapning, samt at den kan bidra til å opprettholde lokal bosetting og næringsutvikling. NVE mener at ved en utbygging uten overføring av Ørevikelvi og Storemyra og med nærmere fastsatte avbøtende tiltak, herunder slipp av minstevannføring, vil de negative konsekvensene ved bygging av kraftverket være akseptable for opplevelsen av landskap, kultur og friluftsliv, samt for biologisk mangfold.

NVE mener fordelene ved bygging av kraftverket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir i medhold av vannressursloven § 8 Geitåni Kraft AS tillatelse til å bygge Geitåni kraftverk. Det gis ikke tillatelse til overføring av Ørevikelvi og Storemyra. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Geitåni Kraft AS, datert 15.01.2008:

"Grunneigarane saman med Kraftkarane AS ynskjer å nytte vassfallet i Geitåni i Voss kommune i Hordaland, og søker med dette om følgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- Å bygge Geitåni kraftverk og å overføre sidevassdraget Ørevikelvi til Geitåni.

2. Etter energilova om løyve til:

- Bygging og drift av Geitåni kraftverk, med tilhøyrande koblingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden. Områdekonsesjonær er Voss Energi AS. Det er teke opp tingingar med Voss Energi om tilkopling til lokal 22 kV linje samt drift av høgspantanket i kraftstasjonen.

3. Etter ureiningslova om løyve til:

- Gjennomføring av tiltaket.

Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing. Vi ber om ei snarleg behandling av søknaden."

Hoveddata for det planlagte kraftverket er som følger:

"..."

Geitåni kraftverk, hoveddata				
TILSIG		Geitåni	Ørevikelvi	Sum begge
Nedbørfelt	km ²	11,5	1,6	13,1
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	1,13	0,17	1,30
Spesifikk avrenning	l/s/km ²			
Middelvannføring	m ³ /s			
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,069	0,008	0,077
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,132		
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,052		

KRAFTVERK				
Inntak	moh.	297	485	297
Avløp	moh.	12	285/12	12
Lengde på berørt elvestrekning	m/km			
Brutto fallhøyde	m	285		285
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,61	0,67	0,62
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,34	0,26	2,60
Slukeevne, min	m ³ /s	0,13	0	0,13
Tilløpsrør, diameter	mm	1100	350	1100
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	-	-
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1845	980	1845
Installert effekt, maks	MW	5,1	0,8	5,9
Brukstdid	timer	3189	3189	3189

MAGASIN				
----------------	--	--	--	--

<i>Magasinvolum</i>	<i>mill. m³</i>	-	-	-
<i>HRV</i>	<i>moh.</i>	-	-	-
<i>LRV</i>	<i>moh.</i>	-	-	-

PRODUKSJON

<i>Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)</i>	<i>GWh</i>	<i>6,5</i>	<i>1,1</i>	<i>7,6</i>
<i>Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)</i>	<i>GWh</i>	<i>9,8</i>	<i>1,9</i>	<i>11,4</i>
<i>Produksjon, årlig middel</i>	<i>GWh</i>	<i>16,3</i>	<i>2,7</i>	<i>19,0</i>

ØKONOMI

<i>Utbyggingskostnad</i>	<i>mill.kr</i>	<i>37,9</i>	<i>2,8</i>	<i>40,7</i>
<i>Utbyggingspris</i>	<i>kr/kWh</i>	<i>2,33</i>	<i>1,04</i>	<i>2,14</i>

Geitåni kraftverk, Elektriske anlegg
GENERATOR

<i>Ytelse</i>	<i>MVA</i>	<i>6,6</i>
<i>Spennin</i>	<i>kV</i>	<i>6,67</i>

TRANSFORMATOR

<i>Ytelse</i>	<i>MVA</i>	<i>7,0</i>
<i>Omsetning</i>	<i>kV/kV</i>	<i>6,67/21,5</i>

NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)

<i>Lengde</i>	<i>m</i>	<i>600</i>
<i>Nominell spennin</i>	<i>kV</i>	<i>22</i>
<i>Luftlinje el. jordkabel</i>		<i>Jordkabel</i>
<i>"</i>		

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Voss kommune gjorde følgende vedtak den 25.9.2008:

”...

1. Voss kommune meiner at det kan opnast for ei kraftutbygging av Geitåni på følgjande vilkår;

- Inntak av Ørevikelvi må gå ut av prosjektet.
- Det må sikrast nok restvassføring i Geitåni til at Hovmannafossen framleis kan framstå som eit markert landskapselement i dalføret, og slik at opplevinga av elva frå kongevegen ikkje vert vesentleg forringa.
- Tilknytningspkt. til eksisterande kraftline må skje etter alt. 1 (kabling).
- Vegen ned til kraftstasjonen må trekkjast lengre vekk frå elva og det må sikrast funksjonelle kantsoner.
- Kraftstasjonen og oppgrusa plass må få ei best muleg tilpassing i landskapet og trekkjast så langt opp som muleg frå Evangervatnet.”

Vi refererer videre fra administrasjonens saksutredning:

”...

Geitåni ligg utanfor den verna delen av Vossavassdraget. I plan for differensiert forvaltning av vassdrag i Voss kommune går det likevel fram at vasskraftutbygging normalt ikkje vil kunne tillatast i dette området. Det må i tilfelle skje etter ei vurdering av om verneverdiane i vassdraget vert vesentleg reduserte ved ei utbygging. Det er føreteke diverse inngrep i området opp gjennom åra, slik at store deler av nedslagsfeltet i dag ikkje framsiår som urørt.

Hovmannafossen er eit markert landskapselement langs hovuddalføret og er m.a godt synleg frå E-16 og Bergensbanen. Ei sterkt redusert vassføring som planlagt vil utgjere ei vesentleg forringing av dette landskapselementet. Den gamle postvegen (kongevegen) har høg kulturminneverdi og er i Voss kommune sin kulturminneplan vurdert som særleg verneverdig.

Vegtraseen går gjennom planområdet og har i lange parti nærføring til elvene. Spesielt gjeld dette for Ørevikelva. I dei fôreliggjande planane er det her ikkje lagt opp til ei minstevassføring. Konsekvensane for friluftsliv og oppleveling av postvegen som kulturminne er derfor uakseptable. Dette delprosjektet bør derfor takast ut av planane. Postvegen og reislevagen til Geilane har begge også vesentleg verdi for friluftslivet. Ei redusert vassføring av Geitåni og Ørevikelva vil ha ein negativ påverknad på opplevelsesverdien når ein nyttar desse vegane.

Det er ikkje registrert spesielle kvalitetar i nedslagsfeltet i høve biologisk mangfold. Opplysninga om at Storemyr er ein leikplass for tiur (storfugl) er feil. Myra kan imidlertid eigna seg som leikplass for orrfugl og kan også ha andre kvalitetar. Myra er så langt ein kan sjå utan inngrep pr. i dag og det bør derfor ikkje utførast inngrep her (som t.d. tilføring av ekstra vatn frå Ørevikelva).

Utifrå dei faktiske tilhøva finn ein under tvil at det bør kunne opnast for ei kraftutbygging av Geitåni på følgjande vilkår;

- *Inntak av Ørevikelvi må gå ut av prosjektet*
- *Det må sikrast nok restvassføring i Geitåni til at Hovmannafossen framleis kan framstå som eit markert landskapselement i dalføret, og slik at opplevelinga av elva frå kongevegen ikkje vert vesentleg forringa.*
- *Tilknytningspkt. til eksisterande kraftline må skje etter alt. 1 (kabling)*
- *Vegen ned til kraftstasjonen må trekkjast lengre vekk frå elva og det må sikrast funksjonelle kantsoner.*
- *Kraftstasjonen og oppgrusa plass må få ei best muleg tilpassing i landskapet og trekkjast så langt opp som muleg frå Evangervatnet.”*

Fylkesmannen i Hordaland uttaler i brev av 24.9.2008:

”...

I Geitåni, som på ei strekning i underkant av 2,0 km vert råka av utbygginga, ligg den karakteristiske og lett synlege Hovmannsfossen som eit serprega og viktig landskapselement i naturlandskapet. I tillegg vil sideelva frå Bjørgadalen bli råka av utbygginga. Geitåni inklusivt fossefallet vil få sers liten restvassføring og elva frå Bjørgadalen vert meir eller mindre borte.

Kongevegen mellom Bergen og Oslo slyngjer seg langs Geitåni og Hovmannsfossen. Overføring av Ørevikelvi vil føre til at denne elva misser det meste av vatnet. Kongevegen går langs etter Ørevikselva og dette vil føre til at opplevelsesverdien langs vegen gjennom Bjørgadalen vert

sterkt redusert. Overføringa vil føre til at Storemyri får høgare vasstand som vil føre til overfløyming av vegetasjon samt at ein spellass for fugl vil forsvinne. Bygging av inntaket i Ørevikselvi vil også føre til at INON-område (1-3 km) vert redusert med ca. 0,5 km².

Inntaksdammen i Geitåni vil bli liggjande tett inn til den nyrestaurerte Reislevegen som går opp til Geilane og ein dam vil virke som eit framandelement i naturen. Vegen vert hovudsakleg nytta av lokale folk. Vegen som er planlagt ned til kraftstasjonen kjem i direkte konflikt med den tidlegare nemnde Kongevegen.

Heile området mellom inntaket og kraftstasjonen ligg i følgje Voss kommune sin kommuneplan i eit LNF område. Det vil sei at alle inngrep (inntaksdam, tilkomstveg og kraftstasjon) som ikkje har tilknyting til jord- og skogbruk, enten må ha dispensasjon frå gjeldande kommuneplan eller reguleringsplan må utarbeidast.

Konklusjon

På bakgrunn av ovannemnde vil fylkesmannen rá frå at det vert gitt løyve til bygging av Geitåni kraftverk. Det er viktig at Hovmannsfossen som landskapselement ikkje vert øydelagd og at kvalitetane langs Kongevegen ikkje vert endra.”

Hordaland fylkeskommune har gjort følgende vedtak den 29.9.2008:

”...

1. Fylkesutvalet er grunnleggjande positiv til ny fornybar energiproduksjon, under føresetnad av at det vert teke omsyn til aktuelle areal- og miljøutfordringar.
2. Fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon til Geitåni kraftverk i Voss kommune.
3. Det vert sett eit krav om minstevassføring i Geitåni og Ørevikselvi.
4. Det vert føresett at det vert teke omsyn til automatisk freda kulturminne.”

Fra fylkesrådmannens saksutredning gjengir vi følgende:

”...

Før fylkesdelplan for små vasskraftverk ligg føre er det fylkesdelplan for energi 2001-2012 som er rettesnor for handsaming av slike saker i Hordaland.

Aktuelle mål frå fylkesdelplan for energi:

- 3 Ny produksjon og bruk av energi i Hordaland må ta omsyn til miljø og arealkonflikter
7 Tilgangen på energiressursar skal gje verdiskaping i fylket og danne grunnlag for næring

Aktuelle retningslinjer frå fylkesdelplan for energi

A1 Hordaland skal satsa på utnytting av miljøvenlege og fornybare energikjelder, utan store konsekvensar for verdifulle natur-, frilufts- og kulturlandskap og større samanhengande inngrepsfrie naturområde

A2 Nye anlegg for produksjon og overføring av energi må ikkje lokaliserast i område som er verna etter naturvernlova, kulturminnelova, i nasjonalpark eller i verna vassdrag. Ein bør vere varsam med plassering av nye anlegg tett opp til verna område.

A3 Nye anlegg for produksjon og overføring av energi bør lokaliserast slik at dei ikkje kjem i vesentleg konflikt med viktige natur- og kulturlandskap, kulturmiljø, større inngrepsfrie område, strandsona og viktige område for friluftsliv. Det vert her vist til eigne fylkesdelplanar for kulturminne, friluftsliv og kystsona.

A4 Samlokalisering med tekniske inngrep og etablert arealbruk er ønskeleg for å samle inngrep, og det er ønskeleg at etablering av nye energianlegg skjer nær eksisterende infrastruktur.

A5 Undersøkingsplikt etter kulturminnelova bør oppfyllast i samband med konsekvensutgreiing, og før iverksetting av tiltak i marka.

A6 I samband med konsekvensutgreiing bør:

- større inngrep visualiseras.
- kartunderlag synleggjere område som er omfatta av vern, område med nasjonal og regional verdi og tiltaket sine konsekvensar for "innrepstilfelle område".

A12 Alternativ bruk av tunnelmassar skal vurderast framfor etablering av tippar i terrenget.

Mål 3 og retningsline A1 syner at det ikkje er noko prinsipielt standpunkt mot ny vasskraftutbygging i Hordaland, men at tiltaka må ta omsyn til miljø og arealkonfliktar. Retningsline A2 og A3 er nærmare spesifisering kring dette.

Området vil ikkje ha verknad for verna område, og retningsline A2 er ivareteke.

Overføringa av Ørevikelvi vil redusere omfanget av innrepstilfelle natur og ikkje i tråd med retningsline A3. Vidare vil utbygginga påverke tilhøva for eit område med den viktige naturtypen fossesprøytsone, og Hovmannafossen som eit viktig landskapselement vil miste sin verdi.

Utbygging av Geitåni kraftwerk vil råke fleire sider av kulturminnevernet. Hovmannafossen/Hoffmannafossen er eit fossefall som har hatt stor innverknad på både eldre og nyare tids ferdslar i området. Olav den heilage skal etter Snorre ha nytta vegen då han og følgje hans reiste frå Voss, og namnsettning av fossen kjem etter segn om Hirdmannen og kongsdottera som i mellomalderen rømde frå Bergen og vart dei første fastbuande på garden Bjørgo. Garden Bjørgo er nemnt i diplom frå 1317, og vegen, seinare post- og kongeveg, er ut frå dette vurdert til ein eldre allment nytta ferdelsveg med verneverdi. Omsynet til postvegen og fossen vert ivareteke ved å bore seg i fjellet forbi fossen. Ettersom Hovmannafossen etter Kulturminnelova vert å rekne som eit automatisk freda kulturminne, må den etter ei eventuell utbygging framleis framstå som ein foss, slik at det må setjast krav om monarlig minstevassføring. Postvegen/almannavegen går også vidare inn i Bjørgadalen og langs etter Ørevikelva, der elva er ein viktig del av kulturlandskapet. Vegen er historisk nytta både som postveg og stølsveg. Etter søknaden vil denne elva verte turlagt store delar av året. Av omsyn til postvegen som kulturminne må elva ikkje turleggjast. Ein vil få frå overføring av Ørevikelvi, alternativt må det setjast krav om minstevassføring. Området er synfart av arkeolog og undersøkningsplikt etter kulturminnelova jf. retningsline A5 er i vareteke.

I høve til retningsline A4 vil utbygginga til ein viss grad nytte eksisterande vegar og kraftlinjer, men det er naudsynt med utviding og opprusting både av vegnett og kraftnett.

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing i saka og retningsline A6 vert slik mindre relevant.

Prosjektet inneber tunnel på ein del av strekninga, men i følgje søknaden vil massane bli nytta i prosjektet slik at det ikkje vert trond for massedepot, og retningsline A11 er ivareteke.

Oppsummering

Utbygginga er i konflikt med fleire regionale interesser. I første rekke gjeld dette kulturminneinteressene knytta til Hovmannafossen og postvegen/allmannavegen, men også omsyn til fossen som landskapselement, biologisk mangfold med fossesprøytsone og fugleliv.

Overføring av Ørevikelvi gjev og reduksjon i inngrepsfri natur. Ut frå dette vil ein rå frå at det vert gjeve løyve til omsøkte utbygging av Geitåni kraftverk. Ein eventuell konsesjon til framlagte søknad må vurderast opp mot Kulturminnelova. Alternative utbyggingsprosjekt i området må ta vare på omsynet til Hovmannafossen og Ørevikelvi med nivå for vassføring som ikkje er i strid med verneinteressene i området.”

Statens vegvesen uttaler i brev av 6.11.2008:

”...

I samband med kraftverksaker er Statens vegvesen sine interesser i hovudsak at byggegrense langs offentleg veg vert halde, at tilkomsten er god og at evt kryssing av fylkesveg og riksveg skjer etter løyve frå Statens vegvesen. Det må evt sjekkast separat om dispensasjon frå byggegrense, etableringa av ny eller utvida bruk av eksisterande avkjørsle, og for kryssing av veg (graveløyve). Byggegrense er 50 m frå midte veg langs riksvegar og 15 m frå midte veg langs fylkesvegar.

Statens vegvesen har elles ingen merknadar til søknaden.”

Voss Naturvernlag uttaler i brev av 23.9.2008:

”...

Vi argumenterer prinsipielt som følgjer, med nokre konkrete innspel til Geitåniprosjektet dersom det likevel skulle få løyve. Naturvernlaget vil få lov til å presisere at vi ikkje går imot alle småkraftprosjekta. Vi gjekk soleis ikkje imot i Rasdalen.

Vent på overordna fylkesplan

Voss Naturvernlag meiner prinsipielt at planar om småkraftverk no bør leggjast på is i påvente av overordna fylkesvis plan. For tida er mykje av den allmenne merksemda vend mot dei trugande miljø- og klima- problema til kloden vår, og om kor viktig det er å leggja om til utsleppsfree energikjelder. Regjeringa si Soria Moria-erklæring seier at det skal utarbeidast fylkesvise planar før ein går i gang med bygging av småkraftverk, som sikrar at ikkje naturmangfold, friluftsliv eller store landskapsverdiar går tapt. Høyringa for desse planane blei avslutta i fjor haust. Retningslinene for fylkesvise planar seier at inngrep som medfører bortfall eller vesentleg reduksjon av verdfulle landskap av nasjonal, regional eller lokal verdi, bør unngåast, og at i område der ein veit at det ligg føre fleire konkrete planar om småkraftverk, bør desse sjåast i samanheng før ein tek stilling til kva vassdrag som skal få konsesjon.

Utbyggjarane har difor hastverk no. Den ålmene merksemda utsleppsfree energikjelder verkar også legitimerande for fallrettseigarar og entreprenørar som no nærmast står i kø for å byggja ut meir vasskraft. Store naturverdiar er i ferd med å gå tapt no som nær sagt alle grunneigarar med elvar og vatn hiv seg rundt for å byggje, sterkt stimulert av leverandørane. Også verneføremålet i verna vassdrag kan lide samme skjebne, i eit land som har ti gonger så høg produksjon av elkraft som snittet i verda.

Overordna styresmakter har sagt at tida for store kraftutbyggjingar er over. No synast dette standpunktet å bli overkøyrd av eit stort tal småkraftverk, som også veks i storleik. Vidare har Voss kommune i saka om Øvstedalselva ytra at vestlege delar av kommunen har ytt nok til energiproduksjonen. Også dette standpunktet synest bli innhenta og overkøyrd av den ekspansjonen vi ser i småkraftbygginga.

Samfunnsmessig er det større økonomisk utbyte og historisk mykje meir forsvarleg å satse på energisparing og derigjennom betre forvalting av allereie utbygde elvar, enn å selja meir natur

inn i ein aldeles umetteleg internasjonal marknad. Vi maner difor til å bremse også for at noko-om det då syner seg naudsynt- kan stå att til komande generasjonar.

Ikkje overføring i småkraft

Det vert søkt om overføring frå Øvre Vikelvi og Storemyri. Voss Naturvernlag meiner at småkraftverka ikkje skal byggjast med overføringer. Nettopp overføringane er eit viktig skilje mellom dei store kraftverka og dei små. Overføringer vil gje krav om oppsamlande inngrep m.m. i mykje større område, og vi meiner at dette ikkje må tillatast korkje i dette eller i andre prosjekt. Myrområda er særmekte biotopar som også har viktig flaumregulerande effekt. Flaum vert ei aukande utfordring i klimaskiftet vi no ser. Det er difor særdeles viktig at myrane får vere i fred for inngrep.

Minstevassføring

Voss Naturvernlag meiner at det må vere heilt unødvendig å måtte argumentere for minstevassføring. Ei biologisk og visuelt forsvarleg minstevassføring må ligge i botn for alle godkjende prosjekt, og er noko av det som må avklarast i samband med sentrale retningslinjer og overordna planer.

Middelweg?

Voss Naturvernlag lurer generelt på om utbyggjarane no etablerer ein strategi der dei søker om prosjekt med element (overføringer, oppdemmingar osb.) som ein forventar vert tekne ut av myndighetene. Vi aner ein strategi der ein soleis får «møtast på halvvegen», og prosjekta får løyve utan at nei-alternativ vert reelt vurdert.

Grunnlag for busetnad?

Søkjar grunngjev i pkt 1.2 at utbygging «vil gje sikrare grunnlag for busetnad». Vi vil prinsipielt hevde at småkraftutbygging like gjerne kan føre til fråflytting. Grunnlaget for busetnaden i grendene er arbeidsinntekt som føreset at ein bur og aktivt arbeider der. Småkraftverka gjev passiv grunneigarinntekt, ikkje arbeidsinntekt, og kan like gjerne gje redusert interesse for å utvikla arbeidsinntekt ved gardsdrift, turisme osv. Drift av eit kraftverk krev svært låg arbeidsinnsats og vert meir og meir automatisert og fjernstyrt. Når kraftverket er i drift, kan dei aller fleste grunneigarane like gjerne sitje i byen og ta imot den løpende inntekta.

Varsemd i inngrepa

Diverre ser vi stendig at småkraftverka vert etablerte med heilt unødvendige herjingar i naturen, som utvelting av stein i elva, lause massar som ikkje er sikra og som sig i elva, utlemping av massar i myrar og tjern osb. Slurv og manglande omtanke preger mange prosjekt med unødige negative konsekvensar for naturen og andre som brukar områda. Det må i denne saka difor stillast krav også til pkt 2.2 om terreggarondering sjølv om prosjektet ikkje har overskot i massebalansen. Voss Naturvernlag vil difor allereie her spela inn prinsipielt at det må stillast mykje strengare krav til varsemd i gjennomføringa av småkraftprosjekta. Krava må fylgjast konkret opp med økonomiske og praktiske reaksjonar ovanfor både utbyggjarar og entreprenørar. Med så god og langsiktig økonomi som prosjekta har, må det kunne stillast strenge krav til varsemd og estetikk i sjølve gjennomføringa. Vi syner til at vegutbyggjarane har strenge føringar på massedeponering og estetisk utføring.

Kulturminne

Andre har gjeve fråsegn om dette viktige temaet. Vi velgjer difor å ikkje omtale dette.

Opplevingsverdi som negativt argument

Voss Naturvernlag vil understreke at verdiane i naturen ikkje berre ligg i samvirket mellom natur og kultur og vår opplevelsing. Det er viktig og riktig at minstevassføringa vert lagt slik at opplevelingen av Hovmannafossen vert ivaretakne. Men vi protesterar mot at fossar og elvelaup vert verdsatt kun ut frå opplevingsverdien, fordi det argumentet førar til at rike elvelaup kan takast der dei ikkje er lett synlege. Naturen har verdi i seg sjølv og for artane, heilt uavhengig av vårt tilfeldige innsyn og oppleveling.

[...]

Konklusjon

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og Naturvernforbundet i Hordaland. Vi ber primært om at planen vert avvist, fordi dette prosjektet er sterkt negativt for urørt natur og kulturminne i ein heilskap. Sekundært ber vi om at dette og andre prosjekt ventar inntil det kan vurderast som del av ein overordna og fylkesvis forvaltningsplan etter regionale og nasjonale retningslinjer for små kraftverk."

Bergen Turlag uttaler i brev av 25.9.2008:

"..."

Vi ønsker at konsesjonssøknaden avvises bl.a. pga. at prosjektet vil berøre en tursti med spesielle natur- og verneverdier.

Området og turstien har fredede kulturminner og stien går for en stor del langs begge de berørte elvene, Geitåni med Hovmannafossen og Ørevikelvi i Bjørgadalen. Ved en eventuell vassdragsutbygging vil det bli redusert opplevelsесverdi når det gjelder turer på den gamle postvegen (Kongevegen). Det er spesielt viktig å bevare Hovmannafossen som kan taes i øyesyn fra turstien, i tillegg til Ørevikelvi hvor stien går langsmed denne. I boken "Opptur Hordaland" er den gamle postvegen beskrevet som tur "8-13 Horvei – Evanger". Det vises til denne for nærmere beskrivelse av den delvis oppbygde, oppmurte, flotte og karakteristiske turvegen. Beskrivelsen i boken vil nok også føre til at turstien og området tiltrekker enda flere turfolk i fremtiden."

Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland uttaler i brev av 10.9.2008:

"..."

Vi ser av konsekvensutredningen at det ikke er påvist fugl på rødlisten som direkte vil bli påvirket av inngrepene. Det er heller ikke påvist fossekall eller vintererle knyttet til den delen av området som direkte berøres av utbyggingen. Det er dog verdt å merke seg at de undersøkelser som underbygger dette er mangelfull da disse artene kan være vanskelig å påvise. Det er dog ikke umiddelbart noe som tyder på at inngrepene vil ha vesentlig betydning for fuglelivet i det berørte området, men vi viser til NOF sin rapport vedr. avbøtende tiltak i forbindelse med slike utbygginger. Link til rapporten er henvist til i siste avsnitt.

NOF-Hordaland vil også vise til det igangsatte arbeidet med utarbeidelse av fylkesdelplan for små vasskraftverk. Dette arbeidet er igangsatt i Hordaland og er forventet ferdigstilt høsten 2009. Vi mener derfor at så lenge dette arbeidet pågår bør en unngå å innvilge ytterligere søknader da dette kan vise seg og være i strid med konklusjonene som vil fremkomme i det slutførte arbeidet med fylkesdelplanen.

NOF-Hordaland vil også vise til NOF's sentralorganisasjon som nylig har publisert sin rapport vedrørende slike utbygginger og mulige konflikter. Rapporten er tilgjengelig på internett på følgende lenke: <http://www.birdlife.no/prosjekter/nyheter/?id=277>. Det er her også pekt på betydningen av avbøtende tiltak som i særlig grad bør implementeres i forbindelse med utbygging.

NOF-Hordaland ber om at søknaden settes på vent i påvente av fylkesdelplanen."

Horvei Vassverk uttaler i brev datert 9.9.2008:

"..."

Horvei vassverk vart etablert i 1994 som privat vassverk, og forsyner alle oppsitjarar på Horvei med vatn. Laget har for tida 13 abonnentar, av desse er 11 fastbuande og 2 fritidsbustader. Bassenget er sprengt i fjell like under Hovmannafossen. Det er lagt røyr frå bassenget til ein inntaksdam i elva. Vassverket er organisert med eit styre, som er samansett av leiar, skriver, kasserar og 1 styremedlem. Kvar huseigar er andelseigar, og betaler årleg avgift.

Horvei vassverk har følgjande merknader til konsesjonssøknaden:

1: Anleggfasen:

I anleggfasen vil vassverket vera utsett for ureining i form av slam frå anleggsarbeidet. Det må gjerast tiltak for å unngå slik ureining. Dersom det ikkje let seg gjera å skilja ut slam, må det oppretta alternativ vasskjelde i anleggsperioden. Vassverket vil ikkje akseptere noko form for ureining frå anleggsarbeidet.

Vassverket er nemnt i punkt 3.10 i konsesjonssøknaden: "Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser". Men i dette avsnittet er ikkje fare for ureining i anleggsperioden nemnt. Dette meiner vi er ein mangel i søknaden. I tredje avsnitt står det: "Tiltaket har difor liten verknad for vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser". Vi meiner at tiltaket kan ha stor verknad på vasskvaliteten i anleggsperioden dersom det ikkje vert sett i verk avbøtande tiltak. Eventuelle skadar som vert påført vassverket må rettast opp av utbyggjar utan kostnader for Horvei vassverk.

2: Driftfasen:

I punkt 3.10 står det: "Ved slepping av minstevassføring heile året vil dagens arrangement kunne fungere også etter ei utbygging". Dette er eit krav frå Horvei vassverk. Vassverket skal ikkje verta skadelidande på nokon måte som følge av utbygginga. Eventuelle tiltak som må utførast for å oppretthalda vassforsyning og vasskvalitet slik det er i dag, skal utførast av utbyggjar, og utan kostnader for Horvei vassverk."

Voss Energi AS uttaler i brev datert 8.8.2008:

"..."

Voss Energi fekk i 2006 utarbeidd ein fagrapport for å sjå på behovet for nødvendige nettforsterkningar og transformatorkapasitet mot overliggende nett i samband med utbygging av småkraftverk på strekninga frå Evanger og til Bolstad.

Utbyggingsprosjekta i denne rapporten er basert på NVE's kartleggingar i dette området.

Voss Energi har også hatt møte med BKK for å få deira vurdering på kapasiteten mot overliggende transformator og nett. Slik vi har oppfatta det, har BKK no i samband med nettilkyting av småkraftverk, starta arbeidet eit utredningsprosjekt for sitt nett.

Med dagens linetverrsnitt i Voss Energi sitt distribusjonsnett mellom Bolstad og Evanger (Høgaberg), er det ikkje kapasitet til å kunne ta imot og overføre mot Høgaberg ein produksjon frå Geitåni Kraftverk på 5,9 MW. Dersom det vert gitt konsesjon til å bygge ut, må Voss Energi før nettilknyting sjå på eventuelle nødvendige nettforsterkningar på denne strekninga. Utbyggjar vil også bli belasta med ein andel av eit anleggsbidrag."

Vassvøri Sogelag uttaler i brev datert 9.9.2008:

"..."

Innleiing

Småkraftutbygginga som har spreidd seg som reine "Klondykefeber" i bygde-Noreg har også råka Bolstad. I nedre del av Rasdalen er anleggsarbeidet i full gang. Utbygging av Geitelvi med utlaup i Bolstadfjorden er under planlegging. Ei samla bygdeopenion gjekk i 2002 imot overføring til Bergsdalen av denne elva. Den elva som no står for tur er Geitåni der Homannsfossen er eit blikkfang av dei sjeldne. Ein ser fossen når ein kjem til nedre enden av Evangervatnet der den brusar under ein romantisk liten husmannsplass med sine grøne bakkar. Elva munnar ut med fosselaup i Evangervatnet. Frå å vera ei perle med urørt natur, og vassdrag utan inngrep, har Bolstadbygda i dag ingen side- vassdrag som ikkje er råka av utbygging eller planer om dette. Bygda har med dette fått redusert sin verdi som Voss kommune sin naturportal mot vest.

Merknader

3. Hydrologi

Det er ikkje utført direkte vassmålingar i vassdraget. Målingane som er nytta er tekne frå Øvstedalsvassdraget som ligg i eit anna dalføre, 5 km i luftlinje frå Geitåni, har ei anna vassmengde/større. Det er ein metrologisk målestasjon i Øvstedalen som kan stadfesta dette. Klimaet har også endra seg sidan vassmålingane vart tekne i Svartavatnet.

3.7 Landskap

Eventuelle fylgjer av tunnelboring i den sårbare Homannastegen er ikkje vurdert. Årsaka til at mur og tropp raste ut i Homannastegen var truleg at det vart slepper i fjellet då halvtunnelen vart skoten ut i 1880.

Inntaksdammen som vert i betong, 4 m høg og 18 m brei, ligg tett inn til den restaurerte Reislevgen til Geilane og vert eit skjemmande framandelement.

Det vert nemnt at Storamyrri kan bli fylt opp. Dette vil medføra høgre vasstand som vil overfløyma vegetasjon og spellassar for fugl. Bilvegen til kraftverket kjem i konflikt med Kongevegen.

Homannsfossen får redusert vassføring og misser sitt sær preg. Endring av landskapet vil gjera Kongevegen til eit "kulturminne light".

Fosseutlaupane på Sanden i Evangervatnet vil ved redusert vassføring og bygging av kraftverk verta borte som blikkfang.

3.8 Kulturminne

I dette punktet vert det konkludert med at verknaden for kulturminne er: "lite". Me trur det er sjeldan at eit naturområde har ei så heldig kombinasjon av friluftsoppleveling og kulturminne som området det er søkt kraftutbygging i. Det er derfor skuffande å sjå kor "lett"

konsesjonssøkarane har tatt på innhenting av informasjon til dette punktet. I tillegg til at naturen har vore raus med Bolstadfolket har fortida sett kulturspor etter seg.

Kongevegen mellom Bergen og Oslo slyngjer seg langs Geitåni og fossen, opphavleg kalla Hoffmannafossen. Det knyter seg ei segn til dette namnet: Ein hirdmann rømde med ei kongsdotter inn Bolstadfjorden. Kongens menn var etter dei og for å redda seg kleiv dei opp "eit ofseleg flogberg attmed fossen". Desse 2 fredlause skal så vera dei første som busette seg på fjellgarden Bjørgo. Denne soga er eit "ikkje materielt" kulturminne som har vore formidla opp gjennom tida og som i dag vert nytta i skriftleg informasjon om fossen.

Kongevegen går vidare forbi Bjørgo. Før ein kjem til gards kjem ein til ein gamal vegmur, 80 meter lang og 1 meter brei og som går over eit stupbratt gjel. Denne muren som vert kalla Verken, vart bygd av staten i 1784. Saman med steintroppa i Homannastegen vert desse kulturminna rekna som nokre av dei mest særmerkte på Kongevegen til Oslo.

I Geitåni er det godt synlege murar til Rørgosagen som måtte gje tapt for nyvegen. Rørgokvedni som står rett ovanfor husmannsplassen Stigen vart restaurert i 1980. Under andre verdskrig vart dei malt mykje korn på kverna. Det er mange skuleborn som har vitja dette kvernhuset. Bjørgobrue og Sagabrua er restaurerte gangbruer over Geitåni. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt der grunneigarar, hytteeigarar og sogelagsfolk har vore aktørar. Den gamle reislevaen frå Horvei til Geilane er rydda og merka. Statens vegvesen har i samarbeid med sogelaget vore sterkt inn i bildet i restaureringen av den utraste troppa i Storestegen. Ved utlaupet av Geitåni på Sanden, der kraftstasjonen er planlagt, stod det før i tida ei vadnålsstampa.

3.11 Brukarinteresser

I dette punktet står det: "Tiltaksområdet vert i dag noko nytta som turområde, i hovudsak av grunn- og hytteeigarane i området. Det mest nytta turområdet ligg lenger oppe i området".

Dette er feilinformasjon.

Hytteeigarane er aktive storbrukarar av området. På turane sine nyttar seg dei seg av lister med dei gamle stadnamnane i området.

Kongevegen startar på Horvei, og turvandrarar som skal opp i Geilaområdet eller i Bjørgodalen brukar denne vegen.

I den nett utkomne turboka "Opptur Hordaland" er Kongevegen ein av dei 276 turane som er ført opp i boka. Frå før har Johannes Gjerddåker skreve om same tur i "Postvegar i Hordaland" utgjeven av Hordaland fylkeskommune.

Det var denne strekkja langs Geitåni og Ørrevikelvi bladet "Hordaland" valde som første etappe i jubileumsmarsjen i høve 125 års feiringa av bladet. Turen vart overteikna.

Vert naturen urørt i dette området har me tru på at det er mange som kjem til nytta dette friluftsområdet i framtida.

Konklusjon

Med desse merknader og vedlagte biletmateriale vonar me at Norges vassdrags- og energidirektorat avslår søknaden frå Kraftkarene AS om utbygging av kraftverk i Geitåni."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 9.10.2008 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"..."

1. Voss kommune datert 29.09.08

Vedtak i Voss kommunestyre som også var administrasjonen si innstilling:

"Voss kommune meiner at det kan opnast for ei kraftutbygging av Geitåni på følgjande vilkår;

- Inntak av Ørevikelvi må gå ut av prosjektet.
- Det må sikrast nok restvassføring i Geitåni til at Hovmannafossen framleis kan framstå som eit markert landskapselement i dalføret, og slik at opplevinga av elva frå kongevegen ikkje vert vesentleg forringa.
- Tilknytningspkt. til eksisterande kraftline må skje etter alt. 1 (kabling).
- Vegen ned til kraftstasjonen må trekkjast lengre vekk frå elva og det må sikrast funksjonelle kantsoner.
- Kraftstasjonen og oppgrusa plass må få ei best muleg tilpassing landskapet og trekkjast så langt som muleg frå Evangervatnet."

I Voss kommunestyre si handsaming av høyringsuttalen var det også eit anna framlegg som fall med 22 mot 21 stemmer på grunn av ordføraren si dobbelrøst. Dette framlegget var: "Voss kommune meiner at det kan opnast for ei kraftutbygging av Geitåni på følgjande vilkår;

1. Det vert sett krav om minstevassføring i Geitåni og Ørevikelvi
2. Tilknytningspkt. til eksisterande kraftline må skje etter alt. 1 (kabling)
3. Vegen ned til kraftstasjonen må trekkjast lengre vekk frå elva og det må sikrast funksjonelle kantsoner.
4. Kraftstasjonen og oppgrusa plass må få ei best mogleg tilpassing i landskapet og trekkjast så langt opp som mogleg frå Evangervatnet.
5. Det vert føresett at det vert teke omsyn til automatisk freda kulturminne.

Kommentar fra utbyggjar:

Administrasjonen og politikarane i Voss kommune gir ei klar melding om at Geitåni kan byggjast ut. Det som det ikkje er gjeve ei klar melding om frå politikarane, er om Ørevikelvi skal takast med i prosjektet. Det ser ein ut i frå framlegget til vedtak som fall med knappast mogleg fleirtal (22 mot 21), om at Ørevikelvi skulle vera med i prosjektet under føresetnad av at det vart minstevassføring der. Overføring av Ørevikelvi gir 2,7 GWh til kun 1,04 kr/kWh i utbyggingskostnad. Den er dermed svært lønnsam, og reduserer total utbyggingskostnad frå 2,33 kr/kWh til 2,14 kr/kWh. Administrasjonen i Voss kommune har i si saksutgreiing påpeika at Geitåni ligg utanfor den verna delen av Vossovassdraget. Etter den kommunale planen for differensiert forvalting av vassdraga i Voss kommune, går det fram at det normalt ikkje ville vore opna for utbygging i dette området. Administrasjonen meinar likevel at dei kan opnast for ei utbygging, fordi området ikkje er urørt. Det er bygd både vegar og store kraftliner i området.

Ut i frå kartet i biletet ser ein at det er fleire bekkar som kjem nedstrøms inntaket i Ørevikelvi. I tillegg er det myrer. Dette hindrar dermed tørrlegging av elva, sjølv om det ikkje er minstevassføring.



Bilete 1: kart over Ørevikelyvi

Når det gjeld Hovmanna fossen som markert landskapselement, så kan ein kun sjå den i nokre sekund i 80-sona før og etter Hjørnevik når ein køyrer i retning Bergen frå Voss. Når ein køyrer frå Bergen til Voss ser ein den ikkje. Det er ikkje andre stadar å stoppa langs vegen for å sjå på fossen, enn ein busshaldeplass.

For at Hovmannafossen skal få høgare vassføring om sommaren vil utbyggjar føreslå og auka minstevassføringa i sommarhalvåret mellom 1. mai og 1. september til 140 l/s. Dette vil redusere produksjonen med ca. 0,5 GWh. 5 persentilen i samme tidsperiode er utrekna til 132 l/s. Utbyggjar vurderer også å redusere slukeevna på aggregatet frå 200% til ca. 170%. Dette vil redusera antal dagar med kun minstevassføring i elva og Hovmannafossen vil få fleire dagar med høgare vassføring. Utbyggjar meiner at desse tiltaka vil føra til at Hovmannafossen fortsatt framstår som eit markert landskapselement. Geitåni har liten vassføring i tørre periodar. Det ser ein i dei 2 vedlagte biletene i kap. 11 frå Hovmannafossen med låg vassføring.

Tilknytingspunkt til eksisterande kraftline vil verta gjort ved kabling slik Voss kommune krev.

Vegen ned til kraftstasjonen vil verta tilpassa terrenget på best mogleg måte. Vegen vil og verta nyttta til skogsdrift i området.

Kraftstasjonen og plassen rundt vil få ei best mogleg tilpassing til terrenget.

Det vart i 80-åra bygd bilveg til Geilen. Denne vegen er laga oppå traseen for ein gammal postveg. Det same er traktorvegen inn til Horvei vassverk. Voss kommune har også nyleg tillette at det vart bygd eit bustadhus midt oppå postvegen, slik at dei som skal prøve å fylgja traseen for postvegen må gå rundt eigedomen med huset på. Røyrgatetraseen til Geitåni vil å gå i eksisterande bilveg, borehol og traktorveg og vil ikkje nokon plass komma i konflikt med postvegen.

Det er langs delar av Ørevikelvi at den gamle postvegen fortsatt er inntakt. Bakgrunnen for at administrasjonen vil ta Ørevikelvi ut av prosjektet, er opplevingsverdien ved mindre vassføring når ein går den gamle postvegen langs Ørevikelvi. Sjølve postvegen vil ikkje verta rørt av prosjektet. Utbyggjar meiner at feltet nedanfor inntaket vil gi restvassføring i Ørevikelvi. I tillegg meinar administasjonen at Storemyra fortsatt bør vera inngrepsfrei, ved at det ikkje vert overført vatn hit. Det vil ikkje fysisk verta gjort inngrep i Storemyra, men som det er føresleige i BM rapporten, kan utløpet av myra senkast med 1 meter, for å hindra at den stig. Eit anna tiltak er at røyrgata frå Ørevikelvi vert forlenga forbi Storemyra.

Voss kommune skriv at det ikkje er spelelass for tiur på Storemyra, men det kan vera det for orrfugl. Grunneigarane aviserer at det er spelelass for orrfugl på Storemyra og kan visa på kart kvar spelelassane er.

Etter det utbyggjar har blitt forklart, så vart Evangervatnet nytta både sommar og vinter til postveg. Det er nyleg restaurerte postbryggjer i begge endar av vatnet som viser dette. Det var kun i periodane vår og haust, då det var usikker is, at Evangervatnet ikkje vart nytta og den omtalte postvegen vart nytta i staden.

Me vil og visa til brev frå Hordaland Fylkeskommune til NVE, datert 26.08.08, der dei skriv følgjande: "Postvegane har ikkje eit nedfelt vern i lovverket, men er som eit synleg teknisk minne eit viktig element i statsbygginga. Det kan heller ikkje utelukkast at delar av postvegane er fortsatt bruk av eldre ferdslivegar og dermed kjem inn under vern i Kulturminnelova §4".

Administrasjonen i Voss kommune har teke inn begrepet "Kongevegen" i saksutgreiinga. Grunneigarane meinar at å kalla postvegen for "Kongeveg" er feil, då det har kun vore snakk om at dette er ein gammal postveg. I boka "Postvegar i Hordaland", utgjeve av Statens Vegvesen i Hordaland og Fylkeskonservatoren i Hordaland med forfattar Johannes Gjerdåker, er vegen kun omtalt som postveg på denne strekninga. Utbyggjar har fått forklart at postvegar av og til vart kalla kongevegar, fordi det var kongen som før bestemte kvar postvegar skulle gå. Det er det som skal vera tilfelle her. Dette har aldri vore ein veg som kongar har nytta, som ein vanlegvis forbind med kongevegar. Kongevegar i den forstand, skal vera vegrar som kunne køyrast med hest og kjerre i følgje leksikonet Wikipedia.

2. Hordaland Fylkeskommune datert 29.09.08

"Hordaland Fylkeskommune har gjort følgjande vedtak i høyringsuttalen til Geitåni kraftverk.

1. Fylkesutvalet er grunnleggjande positive til ny fornybar energiproduksjon, under føresetnad at det vert teke omsyn til aktuelle areal- og miljøutfordringar.
2. Fylkesutvalet rår til at vert gjeve konsesjon til Geitåni kraftverk i Voss kommune.
3. Det vert sett eit krav om minstevassføring i Geitåni og Ørevikelvi.
4. Det vert føresett at vert teke omsyn til automatisk freda kulturminne."

Kommentar frå utbyggjar:

Hordaland fylkeskommune (HfK) er i sin uttale klare på at Geitåni bør få konsesjon, men at det må setjast krav til minstevassføring i Geitåni og Ørevikelvi. Utbyggjar viser her til kommentaren til høyningsuttalen frå Voss kommune.

Administrasjonen i Fylkeskommunen skriv i sitt forslag til innstilling at dei rår i frå utbygging, då kraftverket vil råke både automatisk freda kulturminne og verneverdig trase for postvegen, men i same vedtak er det tatt med kva som er sentralt i tilfelle NVE gir konsesjon til utbygginga og det er at nivå for vassføring ikkje kjem i strid med verneinteressene.

HfK informerer om at fylkesdelplan for småkraftverk etter planen skal vedtakast hausten 2009. Dei er og klare på den vedtekne politikken om at høyningsuttalar som kjem inn før denne er vedteken, skal handsamast uavhengig av denne og då etter gjeldande retningsliner som er fylkesdelplan for energi 2001-2012.

Administrasjonen i Fylkeskommunen har i si saksutgreiing skrive at:

"Utbygginga av Geitåni kraftverk vil råke fleire viktige sider av kulturminneverdet. Hovmannafossen/Hoffmannafossen er eit fossefall som har hatt stor innverknad på både eldre og nyare tids ferdsle i området". Det er ei ganske interessant utsegn. At postvegen har vore nytta og har vore viktig for ferdsle er forståeleg, men kva stor innverknad fossen har hatt på både eldre og nyare tids ferdsle er ikkje heilt enkelt å forstå, viss det ikkje her kun vert meint det visuelle.

Vidare vert det i saksutgreiinga skrive at "Hovmannafossen etter Kulturminnelova vert å rekne som eit automatisk freda kulturminne, må den etter ei eventuell utbygging framleis framstå som ein foss, slik at det må setjast krav om monaleg minstevassføring". Det er ikkje henvist i saksutgreiinga til kva det er i Kulturminnelova som tilseier at Hovmannafossen vert og rekna som eit automatisk freda kulturminne. Etter kontakt med fylkeskommunen har me fått opplyst at det er §4.f) i Kulturminnelova, fordi sagnet til fossen som dei skriv om, kan tidfestast til å vera frå før år 1537. Administrasjonen er i saksutgreiinga likevel ikkje avisande til konsesjon, då dei meinat at dette kan løysast ved at Hovmannafossen fortsatt framstår som ein foss.

Fylkeskommunen skriv i brev til NVE, datert 26.08.08, at dei er gjort kjent med at det i dette område skal vera hovudtrase for den gamle postvegen mellom Bergen og Voss og krev meir utgreiing frå utbyggjar. Dei kjente ikkje til dette då dei var på synfaring i 2006, det ser ein ut i frå brevet i vedlegg 9 i konsesjonssøknaden som kom etter synfaring 29.08.06. Utbyggjar stiller og spørsmål med korleis det kunne byggjast bilveg, traktorveg og bustadhús oppå postvegen tidlegare, utan at den då vart handsama som eit automatisk freda kulturminne?

Utbyggjar har ansvar for at det vert teke omsyn til automatisk freda kulturminne, og vil derfor gå i dialog med Riksantikvaren som er rette dispensasjonsmynde i tilfelle dei vurderer dei to funna til HfK til å vera automatisk freda kulturminne.

Hovudkonklusjonen til politikkarane og administrasjonen i HfK i forhold til å gi konsesjon, er at minstevassføringa må aukast for Geitåni og Ørevikelvi. Utbyggjar viser her til kommentaren til høyningsuttalen frå Voss kommune.

3. Voss Energi AS datert 08.08.08

Voss Energi AS har gitt uttale om at dagens nett ikkje har kapasitet til å ta i mot produksjonen frå Geitåni, utan nødvendig oppgradering.

Kommentar frå utbyggjar:

Utbyggjar vil gå i dialog med Voss Energi om nettilknyting og ta sin del av kostnaden med eit anleggsbidrag, slik som nemnt i konsesjonssøknaden. Estimat på anleggsbidraget er teke med i kostnadsoverslaget i konsesjonssøknaden. Voss Energi vart kontakta seinast 7. oktober, og dei kan ikkje gi noko klart svar på når det er kapasitet og størrelse på anleggsbidraget før konsesjon og størrelse på produksjon er gitt. Voss Energi ga også tilbakemelding om at dei samarbeider med BKK, som har det overliggande nettet, og at det vil komma ei løysing som gjer at produksjonen frå Geitåni kan komma på nett. Viser og tilpressemelding frå BKK, datert 08.10.08, om planlagt auka kapasitet for å ta i mot kraft frå småkraftverk i Hardanger, Voss og Samnanger.

4. Horvei Vassverk datert 09.09.08

Horvei Vassverk påpeikar at dei ikkje under noko omstende skal verta råka av utbygginga verken i anleggsfasen eller etterpå.

Kommentar frå utbyggjar:

Dette kravet vil utbyggjar definitivt imøtekamma, då dei fleste falleigarane til Geitåni er abonnentar til vassverket. Utbyggjar vil gå i dialog med Horvei vassverk for å finna dei beste løysingane. Truleg vil det bli lagt ny mellombels inntaksleidning til vassverket ovanfor inntaket til Geitåni i anleggsfasen. Det vil og verta vurdert nye permanente løysingar. Utbygginga kan t.d. også føre til at vassverket får bygt reinseanlegg. Ei kopling mot inntaket til Geitåni kan og gi nødvendig magasin med sløkkjevatn i tilfelle brann.

Fylkesmannen i Hordaland (FYM) datert 24.09.08

"Fylkesmannen rår frå at det vert gjeve løyve til bygging av Geitåni kraftverk. Det er viktig at Hovmannafossen som landskapselement ikkje vert øydelagd og at kvalitetane langs Kongevegen ikkje vert endra."

Kommentar frå utbyggjar:

Når det gjeld kommentar om restvassføring i Hovmannafossen, bruk av begrepet "Kongevegen" og konflikt med postvegen, vert det vist til kommentaren til høyringsuttalen frå Voss kommune. Det er feil at det er spelelass for fugl i Storemyra. Viser her til kommentaren til høyringsuttalen frå Voss kommune. Fylkesmannen skriv at inntak, stasjon og tilkomstveg ligg i LNF-område i kommuneplanen for Voss kommune, og må enten ha dispensasjon eller det må utarbeidast reguleringsplan. Det er vanleg prosedyre at det vert søkt om evt. dispensasjon frå kommunale planar for berørte områder etter at det evt. er gitt konsesjon av NVE. Det er då opp til kommunen om det vert stilt krav til utarbeiding av reguleringsplan eller ikkje. Voss kommune har for øvrig ikke nemnt noko om dette i si saksframstilling til høyringsuttalen.

6. Bergen Turlag datert 25.09.08

Bergen Turlag har fylgjande uttale: "Vi ønsker at konsesjonssøknaden avvises bl.a pga. at prosjektet vil berøre en tursti med spesielle natur- og verneverdier"

Kommentar frå utbyggjar:

Viser til kommentarane til høyringsuttalane frå Voss kommune og Hordaland fylkeskommune.

Når det gjeld den gamle postvegen, så blir denne som tidlegare nemnt ikkje på nokon måte fysisk gjort noko med, utanom der det allereie er bygd veg oppå postvegen.

7. Vassvøri Sogelag datert 08.09.08

Vassvøri Sogelag meinar at NVE skal avslå konsesjonssøknaden

Kommentar frå utbyggjar:

Sogelaget gjer eit nummer av at det ikkje er utført vassmålingar. Sidan nabovassdraget har målestasjon gir den hydrologiske rapporten ein god indikasjon på faktisk tilsig. Vassmålingar må i fylgje NVE gjeraast over ein periode på minst 5 år for at datagrunnlaget skal kunne brukast. Konsesjonssøknaden er skrive etter NVE sine retningslinjer, og i samsvar med hydrologisk rapport utarbeid av NVE med data for dei siste 30 år. Dette er normal prosedyre ved konsesjonssøknader. Vassmåling er eit tiltak som vanlegvis utbyggjar set i verk dersom det vert stilt krav om det, eller at det er uklårt om prosjektet har stor nok vassføring til ei økonomisk forsvarleg utbygging.

Tunellboring vil ikkje føra til dei påkjenningar for fjellet som ei sprenging kan gjera. Utbyggjar er like oppteken som sogelaget av at vegen i Homannastegen skal bevarast slik den er.

Inntaksdammen og terrenget rundt, vil verta tilpassa terrenget best mogleg. Det er alle opptekne av.

Som tidlegare kommentert, er det feil at det er spelepllass for fugl på Stormyra. Det er heller ikkje korrekt at bilvegen til kraftstasjonen kjem i konflikt med postvegen, då det allereie er laga veg til vassinntaket oppå postvegen på denne strekninga.

Det er ikkje korrekt at endring av landskapet vil redusera postvegen som kulturminne, då det ikkje er noko landskap som vil bli endra i forhold til postvegen. Dette er nemnt i kommentaren til fleire av dei andre høyringsuttalane at postvegen allereie er øydelagt med vegar der røyrrasene skal gå.

At fosseutløpet på Sanden vil verta borte som blikkfang er ikkje korrekt. Utløpet frå kraftstasjonen vil verta over Evangervatnet. Eit flott kraftverksbygg i staden for eit gammalt hus, vil slik me oppfattar det ikkje redusera blikkfangen til ein stad.

Når det gjeld kommentar om kulturminne, "Kongeveg" og postveg vert det vist til kommentaren til høyringsuttalen frå Voss kommune

Det er ikkje feilinformasjon, slik sogelaget hevdar, at det for det meste er terrenget lenger oppe som vert nytta til turområde. Dette veit grunneigarane, og det er dei som har opplyst om det. Hytteigarane køyrer så nært hyttene sine dei kan.

For turgåurar som startar turen sin der postvegen startar på Horvei, vil det ikkje verta nokon endringar utanom eit stykke inn til vassinntaket som vert endra frå traktorveg til bilveg.

8. Norsk Ornitologisk foreining avd. Hordaland datert ?

NOF meinar at søknaden skal settast på vent til fylkesdelplanen for småkraftverk er handsama.

Kommentar frå utbyggjar:

Når det gjeld fylkesdelplanen, viser utbyggjar til vedteken politikk i HfK om å handsama søknadar etterkvart som dei kjem etter gjeldande retningslinjer.

9. Voss Naturvernlag datert 23.09.08.

"Voss Naturvernlag ber primært om at planen vert avvist, fordi dette prosjektet er sterkt negativt for urørt natur og kulturminne i ein heilskap. Sekundært ber dei om at dette og andre

prosjekt ventar inntil det kan vurderast som del av ein overordna og fylkesvis forvalningsplan etter regionale og nasjonale retningsliner for små kraftverk."

Kommentar frå utbyggjar:

Viser til konsesjonssøknaden side 17 om INON når det gjeld påverknad på urørte natur og kulturminne.

Når det gjeld fylkesdelplanen, viser utbyggjar til vedteken politikk i HfK om å handsama søknadar etterkvart som dei kjem etter gjeldande retningsliner.

Utbyggjar vil som nemnt auke minstevassføringa i forhold til konsesjonssøknaden.

Naturvernlaget lurer på om det er ein strategi å sökja om å få overføra meir enn dei reknar med å få tillating til. Viss Naturvernlaget hadde sett på den svært låge utbyggingskostnaden for oversføringa frå Ørevikelvi, trur me ikkje dette spørsmålet hadde blitt stilt.

Utbyggjarar meinar det er svært viktig at det ser fint ut etter at anlegget er ferdig bygd for å visa kor godt eit slikt element kan tilpassast naturen. Utbyggjarar vil og ha eit anlegg som kan visast fram.

10. Oppsummering

For at Hovmannafossen skal få høgare vassføring om sommaren vil utbyggjar føreslå å auka minstevassføringa i sommarhalvåret mellom 1. mai og 1. september til 140 l/s. Dette vil redusere produksjonen med ca. 0,5 GWh. 5-persentilen i samme tidsperiode er utrekna til 132 l/s. Utbyggjar vurderer også å redusere slukeevna på aggregatet frå 200% til ca. 170%. Dette vil redusera antal dagar med kun minstevassføring i elva, og Hovmannafossen vil få fleire dagar med høgare vassføring. Utbyggjar meiner at desse tiltaka vil føra til at Hovmannafossen fortsatt framstår som eit markert landskapselement. Geitåni har liten vassføring i tørre periodar. Det ser ein i dei 2 vedlagte bileta i kap. 11 frå Hovmannafossen med låg vassføring.

Tilknytingspunkt til eksisterande kraftline vil verta gjort ved kabling slik Voss kommune krev.

Vegen ned til kraftstasjonen vil verta tilpassa terrenget på best mogleg måte, og den vil gje Hovmannafossen lettare tilgjengeleg. Vegen vil og verta nytta til skogsdrift i området, og vil gje det mogleg å stoppa gjengroinga som skjer no.

Kraftstasjonen og plassen rundt vil få ei best mogleg tilpassing til terrenget.

Utbygginga vil ikkje fysisk komma i konflikt med den gamle postvegen.

Det vil ikkje fysisk verta gjort inngrep i Storemyra, men som det er føreslege i BM rapporten, kan utløpet av myra senkast med 1 meter for å hindra at den stig. Eit anna tiltak er at røyrgata frå Ørevikelvi vert forlenga forbi Storemyra.

Utbyggjar (grunneigarane og KraftKarane) er opptekne av å verna naturen og landskapet. Det er viktig for oss at utbygginga vert tilpassa landskapet på ein best mogleg måte. Grunneigarane meinar at utbygginga gjer områda lettare tilgjengelege. Dei meinar og at måten utbygginga er planlagt vil passa fint inn i terrenget. Utbygginga med kraftstasjon og inntak kan i seg sjølv verta eit element som er interessant å sjå."

Tilleggsopplysninger

Søker har i brev av 30.12.2008 åpnet for en alternativ plassering av kraftverket på kote 28 og en reduksjon i slukeevnen til 187 % av middelvannføringen. Hoveddata for kraftverket vil da være:

”...

Geitåni kraftverk, hoveddata				
TILSIG		Geitåni	Ørevikelvi	Sum begge
Nedbørfelt	km ²	11,5	1,6	13,1
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³			
Spesifikk avrenning	l/s/km ²			
Middelvannføring	m ³ /s	1,13	0,17	1,30
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,069	0,008	0,077
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,132		
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,052		
KRAFTVERK				
Inntak	moh.	297	485	297
Avløp	moh.	28	285/28	28
Lengde på berørt elvestrekning	m/km			
Brutto fallhøyde	m	269		269
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³			
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,42		2,42
Slukeevne, min	m ³ /s	0,13		0,13
Tilløpsrør, diameter	mm	1100	350	1100
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	-	-
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	1785	980	1785
Installert effekt, maks	MW	5,25		5,25
MAGASIN				
Magasinvolum	mill. m ³	-	-	-
HRV	moh.	-	-	-
LRV	moh.	-	-	-
PRODUKSJON				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh			6,92
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh			10,38
Produksjon, årlig middel	GWh			17,30
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad	mill.kr			40,9
Utbyggingspris	kr/kWh			2,36
”				

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Tiltakshaver er det private selskapet Kraftkarane AS. Det er inngått avtale mellom Kraftkarane AS og grunn- og fallrettighetseierne om å bygge ut Geitåni kraftverk. Det er planlagt at det stiftes et aksjeselskap, Geitåni Kraft AS.

Om søknaden

Kraftkarane AS søker sammen med fallrettseierne etter vannressursloven § 8 om tillatelse til å bygge Geitåni kraftverk med tilhørende anlegg. Videre søkes det om tillatelse etter energiloven til å bygge og driftet Geitåni kraftverk med tilhørende koblingsanlegg og kabler. Det søkes om tillatelse etter forurensningsloven til å gjennomføre tiltaket.

Søker ønsker å utnytte et fall på 285 m mellom inntak på kote 297 og utløp i Evangervatnet på kote 12, alternativt med utløp på kote 28 som vil gi et fall på 269 m. Det søkes også om å få overføre Ørevikelvi via Storemyra til Geitåni. Overføringen er beregnet å bidra med en midlere årsproduksjon på 2,7 GWh. Kraftverket er planlagt med en installert effekt på inntil 5,9 MW og vil få midlere årsproduksjon på inntil 19 GWh avhengig av utbyggingsalternativ og størrelse på minstevannføringsslippe.

Utbyggingen av Geitåni kraftverk krever konsesjon etter vannressursloven § 8. Konsesjon kan bare gis hvis fordelene med tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser i vassdraget eller nedbørfeltet, jf. § 25.

Beskrivelse av området

Geitåni ligger i Voss kommune i Hordaland fylke. Tiltaksområdet ligger ca. 3 km øst for Bolstadøyri og ca. 28 km vest for kommunesenteret i Voss. Geitåni har sitt utspring ved Rørgostølen og Geilastølen og renner gjennom et dalføre i ca. 4 km før utløp i vestenden av Evangervatnet. Nabovassdraget Ørevikelvi renner gjennom Bjørgadalen og ut i Evangervatnet om lag 500 m øst for Geitåni sitt utløp.

Inntaket i Geitåni på kote 297 gir et nedbørfelt på 10,6 km², mens overføringen av Ørevikelvi på kote 485 gir et nedbørfelt på 1,6 km². Overføringen med inntak i Storemyra gir et nedbørfelt på 0,9 km². Restfeltet nedstrøms inntaket i Geitåni er 0,6 km², og restfeltet nedstrøms inntaket i Ørevikelvi er 2,1 km². Lengden på den berørte elvestrekningen i Geitåni er ca. 1,8 km, mens den berørte elvestrekningen i Ørevikelvi er ca. 2,5 km.

Influensområdet er sterkt kulturpåvirket av veier, skogsdrift og tidligere beitemark som nå preges av gjengroing.

Den gamle postveien mellom Bergen og Oslo går gjennom influensområdet. Postveien går opp langs Hovmannafossen i Hovmannastigen før den etter noen hundre meter krysser Geitåni. Veien fortsetter videre østover forbi garden Bjørgo og videre opp Bjørgodalen langs Ørevikelvi. I delvis samme trasé som postveien forbi Hovmannafossen, og videre opp langs Geitåni, går det en eldre kløvvei (reislevæg) opp til Geilane. Denne har i nyere tid blitt restaurert.

Ørevikelvi er i sine øvre partier sakteflytende og meanderer mellom gressletter. I de nedre partiene har elva større fall og går gjennom et gjel frem til utløp i Evangervatnet. Denne delen er avmerket som en potensielt verdifull bekkekloft i justert utkast til fylkesdelplan for små vannkraftverk i Hordaland datert august 2009. Ørevikelvi er også tatt med i Direktoratet for naturforvaltnings (DN) liste over bekkeklofter som det er planlagt å undersøke nærmere med hensyn på biologisk mangfold.

Geitåni er fra inntaket på kote 297 og frem til Hovmannafossen relativt smal og hurtigstrømmende uten rolige partier. Ved Hovmannafossen har elva et høyt fall og en markert fossesprøytzone. Nedstrøms Hovmannafossen er elva preget av stryk og småfosser frem til utløpet i Evangervatnet på kote 11.

Eksisterende inngrep i vassdraget

Like oppstrøms Hovmannafossen går det en vei langs Geitåni over en strekning på ca. 800 m. Denne veien fjerner seg fra elva om lag 100 m før planlagt inntaksdam og deler seg etter hvert i to veier. En som går vestover til garden Rørgo og en nordover mot Geilane og Rørgostølen. I området oppstrøms inntaket opp mot og på Geilane og Rørgostølen er det bygd et større antall hytter.

Geitåni krysses av to høyspentlinjer på den berørte elvestrekningen. En 300 kV linje krysser elva ved planlagt inntakslassering i Geitåni og krysser også planlagt oversføring fra Ørevikelvi, samt Ørevikelvi nedstrøms inntaket. I tillegg går det en 22 kV linje i området som krysser Geitåni på to steder. I nedre del krysser 22 kV linja Geitåni mellom Hovmannafossen og Evangervatnet, mens linja i øvre del krysser elva mellom planlagt inntakslassering og Hovmannafossen før den fortsetter opp mot Geilane og Rørgostølen.

Influensområdet har flere granplantefelt og spesielt området på Geitånas østside mellom Hovmannafossen og Evangervatnet er dominert av plantefelt. Områdene rundt både Geitåni og Ørevikelvi er preget av skogsdrift.

Ved utløpet av Geitåni i Evangervatnet, ved planlagt kraftstasjonslassering, ligger det en gammel husmannsplass med frukttrær og en gammel slåttemark. Husmannsplassen bærer i dag preg av forfall. Det ligger også en gammel husmannsplass ovenfor Hovmannafossen, denne benyttes i dag aktivt som fritidsbolig.

Inntaket for oversføringen av Ørevikelvi vil medføre en reduksjon i inngrepsfrie områder (INON) sone 2 på om lag 0,49 km². Ut over dette vil ikke tiltaket medføre reduksjon i INON.

Teknisk plan

Overføringer

Det søkes om å få oversøre Ørevikelvi til Geitåni. Inntaket i Ørevikelvi er planlagt på kote 485. Inntaksdammen vil få en høyde på 2 m og en bredde på 6 m. Inntaksbassenget blir ca. 60 m² og vil ha et volum på ca. 60 m³. Slukeevnen vil være 260 l/s som tilsvarer 153 % av middelvannføringen. Overføringen er planlagt med nedgravde rør de første ca. 920 m for så å lede vannet åpent ut på Storemyra. Ved utløpet av bekken som går over Storemyra er det planlagt å etablere inntak og lede vannet i nedgravde rør over ca. 260 m frem til inntaket i Geitåni. Inntaket i utløpet av Storemyra er planlagt anlagt med en dam med høyde på 2 m og en bredde på 8 m. Inntaksbassenget blir ca. 80 m² og vil ha et volum på 120 m³.

Inntak

Inntaket i Geitåni er planlagt anlagt på kote 297. Inntaksdammen vil få en høyde på 4 m og en bredde på 18 m. Inntaksbassenget blir ca. 450 m² og vil ha et volum på ca. 700 m³.

Rørgate/tunnel

Rørgaten blir totalt 3025 m, fordelt på 1180 m rør fra oversføringen av Ørevikelvi og 1845 m fra inntaket i Geitåni frem til kraftstasjon. Ved plassering av kraftstasjon på kote 28 blir rørtraseen noe kortere. Ved passering av et bratt parti ved Hovmannafossen er det planlagt at vannveien skal gå i tunnel over en lengde på ca. 175 m. I de resterende strekkene vil rørgaten være nedgravd. Det kan bli behov for noe sprengning i rørtraseen.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen har to alternative plasseringer. I søknad av 15.1.2008 er planlagt plassering på vestsiden av Geitåni ved utløpet i Evangervatnet på kote 12. I tilleggsutredning av 30.12.2008 foreslår søker å plassere kraftstasjonen på kote 28 for å redusere de synlige innrepene kraftstasjon og adkomstvei vil medføre. Kraftstasjonen vil få installert en pelonturbin med maks effekt på inntil 5,9 MW avhengig av utbyggingsalternativ.

Kraftverksbygningen vil få et areal på ca. 90 m². I tillegg vil det bli opparbeidet en gruslagt plass på ca. 150 m² utenfor kraftstasjonen.

Elektriske anlegg

Generatorene får en ytelse på 6,6 MVA og en spenning på 6,67 kV. Transformatoren vil ha en ytelse på 7,0 MVA med omsetning på 6,67 kV/21,5 kV.

I søknad av 15.1.2008 har søker to alternativer for nettilknytning. I det ene alternativet blir linja først lagt som jordkabel 250 m langs rørgatetraseen før luftlinje på 50 m frem til eksisterende 22 kV linje. I det andre alternativet blir linja lagt som 210 m luftlinje langs Evangervatnet frem til eksisterende 22 kV linje.

I tilleggsutredning av 30.12.2008 utredes en alternativ plassering av adkomstvei og kraftstasjon. Ved en utbygging etter dette alternativet vil det bli lagt 200 m jordkabel i adkomstvei frem til eksisterende 22 kV linje.

Veier

Det blir nødvendig å anlegge ny vei frem til kraftstasjon. I søknad av 15.1.2008 foreslås det å legge 600 m ny vei fra eksisterende traktorvei, i nord-sørgående retning langs elva og delvis i rørgata, frem til kraftstasjonen. I tilleggsutredning av 30.12.2008 ble det utredet alternativ veitrasé i øst-vestgående retning som vil bli ca. 850 m lang.

Massetak og deponi

Det vil i følge søker ikke være behov for massetak eller deponi. Overskuddsmasser vil bli benyttet til terreggarondering.

Hydrologiske virkninger

Geitåni kraftverk vil utnytte et nedbørfelt på totalt 13,1 km², fordelt på 1,6 km² ved inntak i Ørevikelvi, 0,9 ved inntak i Storemyra og 10,6 km² ved inntak i Geitåni. Feltene har en effektiv sjøprosent på 0. Nedbørfeltet til Geitåni har en høydeforskjell fra 297-1133 moh, og nedbørfeltet til Ørevikelvi har en høydeforskjell fra 480-980 moh. Geitåni og Ørevikelvi har markert vårfloem under snøsmeltingen, og flomvannføringer forekommer også ofte om høsten. Lavvannføringer inntreffer som oftest om vinteren.

Det eksisterer ingen måling av vannføringen i Geitåni og Ørevikelvi og vannføringen er derfor estimert ut fra NVEs avrenningskart i perioden 1961-1990 og sammenligninger med målestasjoner i området. Middelvannføringen i Ørevikelvi er beregnet til 170 l/s, alminnelig lavvannføring er beregnet til 8 l/s og 5-persentiler for sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 14 l/s og 6 l/s. For Geitåni er middelvannføringen beregnet til 1130 l/s, alminnelig lavvannføring er beregnet til 69 l/s og

5-persentiler for sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 132 l/s og 52 l/s. Bekkeinntaket i Ørevikelvi vil ha maksimal slukeevne på 260 l/s som tilsvarer 153 % av middelvannføringen. Kraftstasjonen vil etter de sist fremlagte planer ha en slukeevne på 2420 l/s som tilsvarer 187 % av middelvannføringen ved en overføring av Ørevikelvi. Søker legger i Geitåni opp til slipp av minstevannføring på 140 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året. Det legges ikke opp til slipp av minstevannføring i Ørevikelvi. I et år med middels vannføring vil det for Geitåni, ved slukeevne på 2600 l/s som oppgitt i søknad av 15.1.2008, være 43 dager med tilrenning større enn maksimal slukeevne og 84 dager med vannføring lavere enn minste slukeevne. Ved redusert slukeevne til 2420 l/s som foreslått i tilleggsutredningen vil antall dager med flomoverløp bli noe høyere, uten at dette er tallfestet. Ørevikelvi vil i et år med middels vannføring ha 95 dager med vannføring større enn største slukeevne. Ørevikelvi har ikke noen begrensninger i forhold til laveste slukeevne.

Produksjon og kostnader

Søker har i søknad datert 15.1.2008 beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon i Geitåni kraftverk til ca. 19,0 GWh fordelt på 7,6 GWh vinterproduksjon og 11,4 GWh sommerproduksjon. Byggekostnadene er estimert til 40,7 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 2,14 kr/kWh.

Ved alternativ uten overføring av Ørevikelvi og Storemyra vil beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon være 15,1 GWh fordelt på 6,0 GWh vinterproduksjon og 9,1 GWh sommerproduksjon. Byggekostnadene er for dette alternativet estimert til 36,8 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 2,44 kr/kWh.

Ved alternativ kraftstasjonsplassering og slipp av noe høyere minstevannføring, slik som beskrevet i tilleggsutredning av 30.12.2008 vil kraftproduksjonen bli noe lavere. Beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon i Geitåni kraftverk blir da ca. 17,3 GWh fordelt på 6,9 GWh vinterproduksjon og 10,4 GWh sommerproduksjon. Ved å utelate overføringen av Ørevikelvi og Storemyra vil produksjonen bli ytterligere redusert, uten at dette er tallfestet.

NVE har kontrollert de fremlagte beregningene over produksjon og kostnader. NVE benyttet vannmerke 62.10 Myrdalsvatn og døgndata fra perioden 1970-1999 og fikk basert på dette noe høyere kraftproduksjon enn søker. Det vil likevel være søkers ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsomheten i prosjektet.

Arealbruk og eiendomsforhold

Tiltaket vil medføre et arealbruk på ca. 9500 m² totalt. Arealbruken er fordelt på inntak og dam (500 m²), rørgate og overføringer (3500 m²), kraftstasjon (300 m²), veier (5000 m²) og kraftlinje (200 m²). Ved alternativ plassering av kraftstasjon og adkomstvei som foreslått av søker i brev av 30.12.2008 vil adkomstveien medføre noe høyere arealbruk, uten at dette er tallfestet.

Det er inngått avtale med grunn- og fallrettighetshaverne.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan

Utbyggingsområdet er i kommuneplanen regulert som ”landbruks-, natur- og friluftsområde” (LNF-område). Det må derfor tas kontakt med kommunen for å avklare arealbruken i forhold til kommuneplanens arealdel ved en ev. konsesjon.

Samlet Plan (SP)

Geitåni kraftverk omfattes ikke av Samlet Plan da installert effekt er under 10 MW. Prosjektet er heller ikke i konflikt med andre SP-prosjekter.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikke del av den vernede delen av Vossovassdraget og inngår ikke verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie områder (INON)

Tiltaket vil medføre en reduksjon i inngrepsfrie områder sone 2 med 0,49 km².

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget inngår ikke blant de nasjonale laksevassdragene.

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befaring i området den 13.10.2008 sammen med representanter for søkeren, kommunen, fylkesmannen i Hordaland og Vassvøri Sogelag. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

I det følgende gis et kort sammendrag av høringsuttalelsene som er referert i sin helhet foran:

Voss kommune mener at det kan gis konsesjon dersom følgende legges til grunn:

1. Overføringen av Ørevikelvi tas ut av prosjektet.
2. Det må sikres nok restvannsføring til at Hovmannafossen fremdeles vil være et markert landskapselement, og slik at opplevelsen av elva fra kongeveien ikke blir vesentlig forringet.
3. Tilknytning til eksisterende nett må gå via jordkabel.
4. Veien ned til kraftstasjonen må trekkes lengre vekk fra elva og det må sikres funksjonelle kantsoner.
5. Kraftstasjon og oppgruset plass må være best mulig tilpasset landskapet og må trekkes så langt opp som mulig fra Evangervatnet.

Fylkesmannen i Hordaland tilrår at det ikke gis tillatelse til Geitåni kraftverk. Fylkesmannen mener det er viktig at Hovmannafosseen som landskapselement ikke blir ødelagt og at opplevelsesverdiene langs kongeveien (postveien) ikke blir redusert.

Hordaland fylkeskommune er positive til at det blir gitt konsesjon til Geitåni kraftverk. Fylkeskommunen forutsetter at det blir satt krav om minstevannføring i Geitåni og Ørevikelvi og at det blir tatt hensyn til det automatisk freda kulturminnet Hovmannafosseen.

Statens vegvesen har ingen merknader til søknaden.

